



REFERAT FRÅ	Strategiforum				
MØTELEIAR	Oddmund Sylta				
REFERENT	Karl Inge Nygård				
MØTEDATO	06.03.2014	TID	12-14	MØTESTAD	Wigandgården
REF. DATO	07.03.2014	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Roger Harkestad, Tide Rune Sandøy, Tide Buss Phillipp Engedal, Nobina Odd Erik Hovde, Nobina Sveinung Mo, MEB Kenneth Valle, Osbuss Birgit Nistad, BNR Svein Kleppe, Fosen-Namsos Petter Kure Torgersen, Nettbuss Daniel Olai Kvernøy, Gulen Skyssbåtservice Oddmund Sylta, Skyss Karl Inge Nygård, Skyss Bjarte Årvik, Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Referat fra strategiforum 06.03.2014

1. Kollektivstrategi for Hordaland – presentasjon av høyringsutkast

Oddmund Sylta presenterte fylkeskommunen sitt framlegg til kollektivstrategi for Hordaland. Strategien er ute til høyring fram til 11. april. Alle er oppmoda til å bruke høyringsretten. Høyringsdokumenta ligg tilgjengelege på www.hordaland.no/kollektivstrategi.

2. Insentivordningar – status i arbeidet

Skyss har fått gjennomført ei utgreiing av moglege insentivordningar. Målet har vore å vidareutvikle kontraktar og anbudsprosessar for å bidra til fleire reisande, setje kundane sine behov blir i sentrum, utnytte operatørane sin kunnskap om marknaden og effektivisere kollektivtrafikken. Vi har evaluert dagens ordningar, kartlagt internasjonale erfaringar og vurdert alternative insentivordningar. Sluttrapporten som forelegg inneheld Urbanet si anbefaling (tilgjengeleg på skyss.no/rapportar).

Skyss har ikkje konkludert eintydig på korleis vi vil utvikle kontraktar og anbudsprosessar vidare. Vi legg følgande til grunn for det vidare arbeidet:



- Skyss vil arbeide for å oppretthalde god konkurranse i leverandørmarknaden. Vi vil knytte oss til forskingsmiljø og utnytte nettverket i kollektivtrafikkforeningen for å vidareutvikle strategiar for dette
- Skyss vil utvikle kontraktar med meir funksjonelle krav, både når det gjeld materiell, meir fleksibel bruk av materiell mellom linjer og miljøkrav. Vi ønsker å prøve ut ulike insentivmodellar som «premierer» fleire passasjerar, effektivisering av kostnader eller meir miljøvennleg drift
- Skyss vil vidareutvikle samarbeidsarenaer for strategisk samarbeid om utvikling av kollektivtrafikken (fast møteplass «Strategiforum»)
- Skyss vil gjennomføre dialogkonferansar med bransjen i forkant av framtidige anbodskonkurransar

Det blir lagt til grunn at utgreiinga blir teke vidare i dei nye anboda Skyss skal utarbeide framover, både for buss og ferje. Utgreiinga som viser ulike alternativ for kontraktar og anbodsprosessar vil saman med konklusjonane over vere premiss inn i desse prosessane.

3. Miljøstrategi for Skyss – presentasjon av vedteken strategi

Karl Inge Nygård presenterte Miljøstrategi for Skyss, vedteken i fylkesutvalet desember 2013. Miljøstrategien er eit av grunnlagsarbeida for kollektivstrategien, og vil bli fulgt opp gjennom kollektivstrategien sitt handlingsprogram. Dokumentet ligg tilgjengeleg på skyss.no/rapportar.

4. Neste møte

Neste strategiforum blir 11. september 2014, kl. 12-14. Eventuelle saker kan meldes inn til Gudrun Einbu på gudrun.einbu@skyss.no.